



Kristian, Camilla og Cecilie imponerte med å få god tone i instrumenta

**Det var veldig kjekt å vera til stades på skulen då skulemusikken inviterte komande aspirantar til instrumentprøving ikveld.**

**Det var 6 komande musikantar som møtte. Ivrige og forventningsfulle prøvde dei blåseinstrument for første gang**

Og dei fekk det verkeleg til å låta. Svært flinke var dei. Dei vaksne var storleg imponerte, og musikantane var tydeleg stolte og fornøgde med eigen innsats. Det hadde dei god grunn til. Dei skapte svært god stemning med instrumentklengen sin. Dei fekk fram godlyden både i kornetten og althorna dei prøvde.

Dei 6 som prøvde instrumenta var: Hanna Tvilde, Ida Marie Kildal Eidsvik, Camilla M. Ripel, Kristian Klette Hansen, Thea S. Taranger og Cecilie Haugland Røstbø.

Instrumentprøvinga var heilt opplagt høgdepunktet, men dei frammøtte fekk og litt informasjon om aspirantopplegget og om aktiviteten i skulemusikken i tillegg til at det vart avslutta med saft og kjeks.

Aspirantane er elevar i kulturskulen i eit år, før dei blir tekne opp som musikantar i skulekorpset. Ein treng ikkje å ha vore på instrumentprøving for å bli aspirant, men alle må søkja i kulturskulen innan søknadsfristen 15.april.

Dersom nokon har spørsmål, eller ønskjer å prøve instrument før søknadsfristen, er det berre å ta kontakt med Torunn Døssland (905 33 304).

Tekst og foto: Thor Inge Døssland



Ida Marie, Thea og Hanna trylla og godlyden ut av instrumenta.